

# 1. Referat Årsmøte Rogaland Sau og Geit 2016

Scandic Stavanger Forus, 26. – 27. februar

**1. Årsmøtedeltakarane vart ynskte velkomen** av møteleiar Sigmund Skjæveland . Opning og velkomst av vertskap Rennesøy Sau og Geit, v/Kjell Åge Torsen. Han gav ordet vidare til varaordfører Jostein Eiane. Rennesøy har stor folkevekst, og bøndene er flinke til å samarbeide med kommunen om eit flott turnett. Sauetalet auka fram til 2011 då fotråte var årsak til nedgang. Sauen er viktig som forvaltar av lyngheiene.

## 2. Innkalling og saksliste: Godkjent.

Rekkefølgja på sakslista blei forandra fordi to av foredragshaldarane må reise tidlegare.

## 14. Kjell Erik Berntsen, styremedlem i NSG.

Han er sauebonde på heiltid med 310 vinterfòra sauер og bur i Rennebu i Sør-Trøndelag.

### 1: MEDLEMSKONTIGENT:

Forfallsdato på kontingeneten blei endra til 1. januar dette året. Det er ein fordel at medlemsstatus er oppdatert tidlig på året og det styrkar likviditeten i NSG.

	<u>1-50 sau</u>	<u>&gt;50 sau</u>	<u>Husstand-/Støttemedlem</u>
Lokallag:	195,-	220,-	150,-
Fylkeslag:	300,-	325,-	105,-
<u>Landslag:</u>	<u>500,-</u>	<u>955,-</u>	<u>145,-</u>
Total:	1000,-	1500,-	400,-

Ved lik kontingent for alle, uansett tal, vil 1250 kr gi lik inntekt til NSG

Saken om kontingeneten skal til høyring i løpet av hausten 2016.

### 2: REVISJON AV LAGSLOVANE I 2017: Høyringsfrist 1. mars 2016.

Spørsmål om Landsmøte kvart år. Raskare behandling, enklare med val. Treng vi Representantskapet? Kostnad er årsak til at Landsmøtet er anna kvart år.

Alt. 1: Same opplegg som nå.

Alt. 2: a. Årsmøte kvart år, 2 rep.skapsmøter i året.

b. Årsmøte kvart år, 1 rep.skapsmøte om hausten.

c. Årsmøte kvart år, avvikle representantskapet, fylkesledersamling om hausten.

NSG har gjort eit kostnadsoverslag der alt. 2b ikkje blir så mykje dyrare enn dagens ordning.

### Kommentarer:

Ta stikkprøvar på tal sau, oppfordre til å gje opp rett tal.

Kan me få tilbake innkrevjing av kontingeneten lokalt.

Flat kontingent er best.

### 3: JORDBRUKSFORHANDLINGANE:

Krevjande etter regjeringsskiftet. Omlegging av lammetilskotet, ulltilskot, rykte om forandring av teljedato. Har ikkje fått noko på bordet. NSG er skeptisk og føler seg lurt.

Ullsatsane bør vera uendra. Produksjonstilskot – midlane skal ikkje aukes, dermed inga fordel å få på påsettlamma, greitt for dei som startar opp.

Sponheimutvalget: Dramatiske endringar. Beitetilskotet over på lammetilskot, kan resultere i store, feite lam. Me bør heller få auka beitetilskot.

#### Kommentarar:

Ein god organisasjon må ha årsmøte kvart år.

Ynskjer NSG å flytta tilskotet på husdyr over til beitetilskot?

Teljedato 31. juli er best. Forenkling av lammetilskotet, innspel frå Magnus Tjåland er bra.

Sponheimutvalget: Legg det i ein skuff.

Er redd for å miste tilskotet på ull, og at vi då får eit søppelproblem av ull.

Teljedato – problem om det blir 15. mars og 15. oktober. Er dette vedtatt under bordet av bondelaget? RSG ynskjer teljedatoane som nå.

Sankemidler gjennom RMP må ikkje mistas.

**Svar frå Kjell Erik Berntsen:** Teljedato – skal snakka med faglaga, det er ikkje bra med hemmelighetskremmeri. Det er ei utfordring med regjeringa. RMP er veldig viktig, vi må vera våkne og fylgja med.

#### 9. Steinung Svebestad, styreleiar i Nortura.

Oppsummering og erfaring frå i fjor. Det har vore stimulering til auka produksjon, tal lam har auka til 38.275 og høgare vekt i 2015. Nortura har klart å ta ut auka engrospris, kr. 54,- i 2016 mot kr. 37,- i 2007. Ynskjer ikkje tyngre lam, kan bli overproduksjon i 2016. Oppslutning om lammaringenane aukar, og vi har positiv utvikling på marknadsandelen. Prisløypa må stimulera til slakt når vi vil ha lamma, ynskjer slakt tidlig om hausten, unngå slutföring.

Nortura ynskjer å mobilisere til auka sal i 2016. Er i marknadsbalanse med 1140 tonn lam og 293 tonn sau på reguleringsslager. Planar om å selja frå fryselager nå for å erstatta importen. Prisen på lam gjer eksport næraust umogeleg. Nortura gjer innspel i jordbrukspolitikken og ynskjer økonomisk bærekraft i landbruket. Beitetilskotet er viktig, oppfordrar til utnytting av arealressursane til både storfe/småfe.

Gilde driv med produktutvikling og lagar nye kjøtprodukt som vert kjedespesifikke.

#### Kommentarar:

Kan me selja meir lam i veke 38-39 då etterspørselen er størst? Hallingskarvlam i slutten av okt/nov, er dei fôra fram på kraftfôr? Kva med økologiske lam som beitar i Suldal/Sirdal? Kan me få ein meirpris?

Det svarar seg økonomisk å fôra med kraftfôr for å få tunge lam.

Kva rolle har Nortura i slaktetilskotet? Det må ikkje ligge på kg.

Kan vi få kjøpe fenalar om sommaren?

Vi bør få produkt inn i mathallen, det er betre enn annonse.

**Svar frå Steinung Svebestad:** Produsentane får ikkje noko ekstra for dei nye kjøtprodukta.

#### 3. Opprop v/ Berge Kjell Opsal.

Sju lokallag har ikkje utsendingar til årsmøtet: Halsnøy, Jøsenfjorden, Kvitsøy, Nærø, Vats, Vikedal/Imsland, Årdal.

**4. Val av to til å skrive under protokollen** saman med møteleiar, Sigmund Skjæveland: Arvid Hammersmark og Anders Schanche Rettedal.

**5. Tale av Leiar i RSG, Magne Jakob Bjørheim**

Me har eit godt samarbeid i styret og det er gledeleg å sjå ein del nye utsendingar.

Me har eit bra samarbeid og dialog med: Bondelaget, Bonde og småbrukarlaget, Fylkesmannen, Fylkeskommunen, Innovasjon Norge og Mattilsynet.

I tillegg blir me sponsa av slakteria og førprodusentane i fylke.

Me har god kontakt med dei andre fylkeslaga, og med administrasjonen og styret i NSG.

FOTRÅTE, me har jobba med å bli kvitt fotråte, og har aldri vore nærmare enn nå.

Mattilsynet har overteke ansvaret for overvakinga.

Rovdyr, me har danna skadefellingslag for store rovdyr i sør- og nord-Rogaland. Det finnes to gode jaktlag, som drar ut ved melding om jerv. Det var eit jerveangrep i Røldal som resulterte i søknad om ekstraordinært fellingsforsøk på jerv i Rovdrysone 1 og 2. Me skal vera med på årlege dialogmøter med Bondelaget og Småbrukarlaget i rovdrysone 1 og 2, Rovdyrnemdene, SNO og Fylkesmennene. NSG stiller med sekretær.

VERVING, Rogaland har hatt dei beste vervarane kvart år. I fjar var det Trond Håland fra Tysvær som stakk av med seieren. Han verva 8 nye medlemmer.

GJETARHUND, me prøver å få eit tettare samarbeid med gjetarhundmiljøet. Gjetarhunden er ein ressurs for oss som driv med sau, og stadig fleire brukar gjetarhund. I 2014 var det 68 nye hundar med bruksprov, og i fjar 58. Det er dobbelt så mange som fylker me likar å samanlikne oss med. Det er kome inn eit forslag om å omorganisere gjetarhundlaget i Rogaland. Det går ut på å ha 1 fylkeslag og 6 lokallag. Dette kan vere positivt for å få meir aktivitet på grasrotnivå.

HEIABEITE, me har hatt eit 3 års prosjekt, auka bruk av heiabeite, og det har resultert i meir sau i heiane og færre tome heiari. Dette skal nå avsluttast. Me har 160 stk. «Find my sheep» radiobjøller, kva skal me gjere med dei? Seljast til medlemmene eller fortsette å leige dei ut? Me har brukt 100 000 kr. til leiting i uleigde heiari, vel anvende pengar! Håpar me kan få til dette permanent.

Me har begynt å sende årsmeldinga i posten.

Me har arrangert kurs for unge bønder og den store «Sauesamlinga» i januar.

Me har hatt eit prosjekt der me sette fokus på massivtrehus.

Me har vore støttespelar i ei filminnspeling (Asbjørn Haga).

Me har eit prosjekt som ikkje er ferdig enda, «SMITTEBESKYTTELSE». Dette har me utsett eit år, og det blir avslutta i løpet av 2016.

NM i saueklipping var eit bra arrangement av Bjerkreim Sau og Geit, Børge Høyland blei Norgesmester.

LANDBRUKSOPPGJØRET. Rogaland Sau og Geit har spelt inn Magnus Tjåland sitt forslag.

Det vil sei: Lammetilskotet skal tilbake til det gamle systemet, men med utbetaling på slakteoppgjøret, og så får slakteria jobben å krevje inn pengane frå staten på slutten av året.

Det er forslag på å flytte telledatoen på sau/lam. RSG ønsker å beholde dagens ordning.

**MARKEDBALANSE PÅ LAM** eller overproduksjon? Sauetalet i Norge auka med rundt 30 000 sau det siste året. I alle fylker unntatt Oslo og Finnmark har sauetalet auka. I Rogaland auka sauetalet med 5000 (aukar mest). Fleire og større lam, me passerte for første gong den historiske grensa på 19 kg i snitt for heile landet.

Sommarbeite i fjor blei betre enn me trudde. Stabilt sal, meir spesial/nisje produkt. Dette ordnar seg med marknadsføring! Me må huske at me hadde rekordstore lam i fjor. Me kan auka salet med litt meir reklame. Nevne me OMEGA 3 i reklamen, har me for lite lammekjøtt igjen. Kjøtproduksjon basert på beiting i utmark, bør vere prioritert i Norge.

**LAGSLOVANE** er ute på høyring etter att RSG fremma ønske om landsmøte kvart år.

**FJELLDAGANE**, me hadde ein fantastisk tur til Gotland 26-30 Juli.

**ULL**, me treng eit kvalitetsløft på spælulla, me treng meir spælull av god kvalitet.

#### **6. Kommentarar til leiaren sin tale:**

Er det mulig å få inn ein gjetarhund-representant i styret i RSG?

Ulltilskotet må oppretthaldas, elles kan vi få eit søppelproblem.

Vi må trekke forslaget om å forandre lammetilskotet hvis vi står aleine.

Mattilsynet har overtatt bekjempelsen av fotråte, men det fungerer ikkje. RSG bør vere på banen, må trekkje med Synnøve Vatn. Pålagt slakting – for liten erstatning.

1 kr. frå kvar sau i heia går til leiting i tomme heier.

Fjellam, stressnivå i ei veke etter heimkomst. Det svarar seg økonomisk med kraftfôrlam, politikarane lagar rammevilkåra. Me må få tilskot på all ull. Viktig å ta vare på spælulla.

Utfordring til det nye styret: Kraftfôrlam er ikkje bra. Må sjå på totalforbruket av kraftfôr og koss vi kan utnytta grovfôret og norsk fôr betre. Forsking for å få auka kunnskap.

Det er vanskelig å søkja om erstatning til rovdyrtrap, jobbe med forenkling.

Sigmund Skjæveland opplyste om at eit lokallag må ha hatt årsmøte for å ha stemmerett på fylkesårsmøte. Det vil bli praktisert frå neste år.

#### **Ola Andreas Byrkjedal, leiari i Rogaland Bondelag:**

Takk for eit godt samarbeid med RSG. Omlegging til ny teljedato, ingenting er bestemt endå.

Landbruksdirektoratet og faglaga skal jobbe med dette, viktig med innspel.

Problem for geitenæreringa med påsettkje, vil ha tilskot på produksjonsdyr.

Kulturbeite er spesielt for Rogaland. Må ha fokus på stell, gjødsling og ugrasbekjempelse.

#### **Geir Skadberg, Landbruksdirektør i Rogaland:**

Arbeidet til RSG er utrolig viktig. De må motivere kvarandre. Heiene er viktige, leiting i tomme heier, regionalt miljøprogram, fleire storfe også i utmarka. Styret er velkommen til Fylkesmannen, må spela på lag med byråkratane.

#### **Festmiddag fredag kvelden.**

Pokal til beste indeksvær: Per Kristian Espedal for væren Filops Es, ind. 147.

Pokal til beste bukk: Anna Olaug og Hallvard Veen for bukken Kong Bjerkreim, ind. 135

Sauedommar Sæbjørn Skumsnes har gått av med pensjon, og fekk sauakrus, blomar, gode ord og takk for innsatsen gjennom mange år.

**10. Innkomne saker:**

a) Personlege vararepresentantar til styremedlemmer i Fylkeslaget.

Fleirtal mot 1 stemme for å behalde ordninga slik som i dag med vara i nummer-rekkefølgje.

b) Auke av revepremie. Forslag om å auke frå 50.000 til 100.000.

Det er varierande kor mange kommunar og lokallag som gir revepremie.

Fleirtal med 36 mot 16 stemmer om å auka RSG sin revepremie frå kr. 50.000 til 75.000.

c) Vedtektsendring §17: Tal utsendingar til fylkesårsmøte: Rogaland ynskjer færre

utsendingar enn NSG legg opp til, elles blir fylkesårsmøtet dobbelt så stort som nå.

Forslag til vedtak: Leiaren i dei lokale laga, i tillegg 1 utsending pr. 50 medlemmer pr. 31. desember året før. Dette er likt som i dag. Einstemming vedtatt.

**11. Handlingsplan 2015, Torill Undheim. Einstemming godkjent.**

Kommentarar:

Kan leiarmøte haldas seinare på året? Svar: Nei, me må ha det før representantskapsmøte.

Kan leiarmøtet vere meir konstruktivt? Heller kurs enn foredrag. Læra å laga webside?

Regionsamlinger, medlem i valnemda kallar inn til regionmøte i januar/februar.

**Kjell Steinar Løland** presenterte eit forsøk på spælull. Ved tidlig slakting går fleire i klasse 1, seinare på hausten går mykje i klasse 2, størst problem med daudhår.

Viktig punkt til forbetring: lik vurdering for heile landet, sjekk kvaliteten før innsett.

**7. Årsmeldinga, gjennomgang av Asbjørn Haga. Einstemming godkjent.**

Kommentarar:

Kva med indeksar på smårasane? Svar: Det er raselaga som avgjer dette.

**8. Rekneskap og budsjett, Torill Undheim. Einstemming godkjent.**

**12. Magnar Undheim, Sauen til heis.**

Magnar fortalte om heiaføringens historie frå driftene blei jaga til heis og fram til biltransport blei vanlig. Han har ein engasjert og lun måte å fortelje på, og hadde mange historier på lager.

**13. VAL AV NYTT STYRET FOR 2016**

Leiar for 1 år:	Bjørn Høyland
Styremedlem for 2 år:	Torill Undheim
Styremedlem for 2 år:	Håvar Helgeland
Styremedlem:	Asbjørn Haga
Styremedlem:	Jon Arvid Vassbø
1.varamedlem:	Iren Vestersjø Hidle
2.varamedlem:	Kjell Åge Torsen
3.varamedlem:	Dagfinn Knutsen

Valt med 38 stemmer, 14 blanke
Attval, 43 stemmer, 9 blanke
Ny, 50 stemmer, 2 blanke
Ikkje på val
Ikkje på val
Ny
Attval
Ny

Nestleiar for 1 år:	Håvard Helgeland
Kasserar:	Torill Undheim
Revisor for 2 år:	Egil Svela
	Tor Olav Gya
Varamedlem:	Andre Kjørmo
	Attval
	Ikkje på val
	Attval

Møteleiar til årsmøte 2017: Sigmund Skjæveland, Attval

Valnemd:		
Ryfylke:	Askild Eggebø	Valt for 2 år
Personlig vara:	Øystein Bjelland	
Nord-Jæren:	Finn Aarrestad	Valt for 2 år
Personlig vara:	Olav T. Bø	
Sør Jæren:	Bernt S. Undheim	Valt for 2 år
Personlig vara:	Geir Nilsen	

Godtgjersle tillitsvalde i RSG vart som før:

Leiar:	kr. 30.000
Kasserar:	kr. 18.000
Nestleiar:	kr. 15.000
Andre styremedlem:	kr. 6.000
1. varamedlem:	kr. 6.000
Leiar avlsutv Rogaland:	kr. 6.000
Andre tillitsvalde:	kr. 700 pr. dag

Tillegg for styremedlemmer for arbeidstid over 20 dager:

Kr. 1.400 pr. dag over 6 timer og kr. 700 pr. dag under 6 timer.

Tillitsvalde gis reise/bilgodtgjelse etter statens regulativ.

## 15. Jordbruksforhandlingane

Lammetilskotet som blei endra i fjor, ynskjer RSG å gjere noko med. Magnus Tjåland har skrive eit brev med ein modell der me får att dei pengane me blei fråtatt i fjor. RSG vil ta opp saka med Bondelaget for å sjå om det kan endras ved jordbruksforhandlingane dette året. Sjå vedlegg til slutt.

Magne Jakob Bjørheim, Berge Kjell Opsal og Barne Østerhus gjekk ut av styret. Dei blei takka for innsatsen og fekk blomar, sauakrus og eit bilde med «godø ord». Sigmund Skjæveland fekk også blomar for innsatsen som møteleiar.

Sven Haugom frå Vest-Agder Sau og Geit takka for invitasjonen og ynskjer lukke til vidare.

Bjørn Høyland takka for tilliten som ny leiar.

Sigmund ynskte vel heim før me avslutta med lunsj.

*Anders S. Kettul*  
Sigmund Skjæveland

*Aslak Hammarstrand*